



## Notat

Dato: 09.02.2018  
Arkivsak: 2017/938-22  
Saksbehandlar: rolrose

---

**Til:** Fylkesutvalet

---

**Frå:** Fylkesrådmannen

---

### Skuleskyss i Sunnhordland

På møte i fylkesutvalet den 1. februar 2018, stilte representanten **Sigbjørn Framnes (FRP)** spørsmål om skuleskyss for elevar som bur i Leirvik og som går på Fitjar vidaregåande skule.

Fylkesrådmannen kan opplysa følgjande:

I sak RS170/2017 i fylkesutvalet 22.11.2017 (og tilsvarande sak i utval for miljø og samferdsel 08.11.17 og utval for opplæring og helse 07.11.17) blei det gjort greie for ungdomsbillett som skolereisekort for elevar i den vidaregåande skolen samt praktisering av dispensasjon frå fylkesmannen til å nytta ungdomsbillett som skolereisekort.

Skyss er i dialog med fylkesmannen for å avklara kva krav og retningsliner som gjeld, og som nemnt i RS 170/2017 vil det bli lagt fram ei sak når turvande avklaringar er gjort. Om det etter avklaringar med fylkesmannen blir turvande med endringar eller tilpasningar i dagens ordning, må vi sjå på dette fram mot oppstart av neste skoleår då større endingar i praksis må gjennomførast i samband med start av nytt skoleår.

I påvente av avklaringar så blei områda Sagvåg og Rommetveit på Stord, og Ramsøy på Askøy teke ut av ordninga med ungdomsbillett som skolereisekort. Dette var nye område som blei teke med i samordninga frå skoleåret 2017/2018. Dette er endringar som no er reversert. Alle andre område som er omfatta av ungdomsbillett som skolereisekort er vidareført som for dei føregåande skoleåra. Dette er område som i all hovudsak har vore uendra sidan ordninga med ungdomsbillett som skolereisekort blei innført i 2002.

Elevar med bustadsadresse Leirvik/Hystad fell inn under ordninga med ungdomsbillett som skolereisekort. Her er det ikkje gjort endringar, og område er definert som tidlegere år. Om det blir endringar her for neste skoleår vil bli avklara i pågåande dialog med fylkesmannen. Dette vil ein koma attende til i eiga sak.